



NVE  
Noregs vassdrags-  
og energidirektorat

STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Vår dato:** 21.04.2023  
**Vår ref.:** 201204808-18 Oppgi ved kontakt  
**Dykkar ref.:** 18/996- 2021050975/3882

**Sakshandsamar:** Toralf Otnes,  
22959527, toot@nve.no

## **NVE fremjar motsegn - Kommuneplanens arealdel 2022 - 2040 - Austevoll kommune**

Vi viser til brev frå Austevoll kommune datert 15.02.2023. Saka gjeld offentlig ettersyn av kommuneplanens arealdel 2022 – 2040.

**NVE har motsegn (jf. pbl § 5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er at planen ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til naturfare. For at grunnlaget for motsegna skal falle bort må Austevoll kommune:**

- **Konkret vurdere om gjeldande reguleringsplanar tek tilstrekkeleg omsyn til naturfare, og avgrense bruken av omsynssone H910 til dei reguleringsplanane som gjer det.**
- **Markere alle aktsemdområde som overlappar nye og eksisterande område som opnar for utbygging med omsynssone H310 Ras- og skredfare og H320 Flaumfare, og knyte til føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad.**

**Motsegna er forankra i NVE rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).**

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

### **NVE sin uttale og motsegn**

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



### Generelt om handtering av naturfare i planar

Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Klårast går dette fram i [KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#) side 12 der det heiter: «*Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens § 4-3 vil da ikke være oppfylt.*»

Ut frå dette er NVE nógde med at det i føresegnene er sett eit generelt krav til reguleringsplan for alle tiltak etter pbl § 20-1 a, d, g, k, og m. I praksis gjeld plankravet i hovudsak framtidige byggeområde.

### ROS analysen

ROS analysen er utarbeidd av Asplan Viak. På side 19 står det at skred i bratt terreng, og moglegheit for områdeskred (kvikkleire) har vore viktige tema. På side 43 står det at endringar i plankartet som ligg i aktsemdkart for skred og flaum er vurdert gul og må vurderast nærare. Område under marin grense der det ikkje er synleg bart fjell på flyfoto/lausmassar er også merka gult med tanke på fare for kvikkleireskred. Raud kategori er ikkje nytta, då ein på dette plannivået ikkje har utgreiingar av reell fare. På side 118 står det at område utsett for aktsemd for naturfare eller avdekt reell fare skal settast av med omsynssone når det er område aktuelle med tanke på ny busetnad, fortetting eller fornying.

### Planen handterer ikkje naturfare godt nok

Austevoll kommune har få utfordringar knytt til flaum- og skredfare. Vassdraga er små. Aktsemdområde for ulike skredtypar er vist for avgrensa område. Sjølv om store deler av kommunen ligg under marin grense er det grunnlendt og med mykje berg i dagen. Ein kan likevel ikkje sjå vekk frå førekomstar av marin og kvikkleire av noko djupne einskilde stader.

Sjølv om skred- og flaumfare er handterleg i kommunen er det viktig også for Austevoll å bygge opp arealdelen systematisk slik at ein sikrar at utbygging skjer med tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK17 ) kapittel 7.

Omsynssoner er eit viktig verkemiddel. Omsynssoner kan synleggjere kvar det er, eller kan vere, fare for flaum og skred. Kommunen kan då styre ny utbygging utanom aktsemdområda. Omsynssonene kan og markere verkeområde for føresegner, til dømes krav om fagkyndig dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik.

NVE legg vekt på at de må markere aktsemdområde for flaum og skred i plankartet for alle område der aktsemdområda overlappar framtidige og eksisterande område for utbygging. Det same gjeld LNFR område der det vert opna for spreidd utbygging. I LNFR område rår vi dykk til å styre utbygginga utanom omsynssonene. Vi gjer elles merksam på at i LNRF område, der det ikkje er krav om reguleringsplan, må reell fare avklarast på kommuneplannivået. Vi viser her til [KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#) side 10.





Når det gjeld fare for kvikkleireskred nyttar mange kommunar å utforme generelle føresegner med krav om å vurdere skredfaren i samsvar med prosedyre i NVE rettleiar 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred.

Etter NVE sitt syn tek planen for dårleg omsyn til naturfare. De har ikkje nytta aktsemdområde for flaumfare i det heile. Vi finn døme på at de har nytta aktsemdkart for skredfare til å avgrense omsynssoner, men at omsynssoner likevel manglar der dei overlappar område der det er opna for utbygging. Når det gjeld fare for kvikkleireskred finn vi korkje omsynssoner eller ei generell føresegn med krav om avklaring av fare områdeskred.

**NVE har motsegn til kommuneplanens arealdel på dette punktet. For at grunnlaget for motsegna skal falle bort må de markere i plankartet alle aktsemdområde som overlappar område med eksisterande bygnad og framtidige byggeområde, samt LNF område for spreidd utbygging. Til desse omsynssonene må de knyte føresegner med krav om avklaring av naturfare i alle plan- og byggesaker. Når det gjeld fare for kvikkleireskred kan de alternativt formulere ei generell føresegn for areal under marin grense med krav om å vurdere skredfaren i samsvar med prosedyre i NVE rettleiar 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred dersom de ikkje nyttar omsynssone.**

Lenger ned har vi gjort noko meir greie for dei ulike naturfarane, og teke inn døme på manglar.

#### Bruk av omsynssone H910

I framlegget til kommuneplanens arealdel nyttar de omsynssone H910 i stor grad. H910 betyr at vedtekne reguleringsplanar framleis skal gjelde uendra. Generelle føresegner, og føresegner knytt til andre omsynssoner (t.d. fareområde) i kommuneplanen som overlappar denne H910 får dermed ikkje rettsverknad. I pbl § 11-8 f) siste setning står det følgjande: «*Ved bruk av denne hensynssonen skal kommunen vurdere om reguleringsplanene er i samsvar med nasjonale og regionale interesser.*»

De har utarbeidd eit dokument med tittel «Gjennomgang av reguleringsplanar» Der vert 116 planar lista opp, og det går fram av dokumentet om dei skal vidareførast med omsynssone. Vi kan ikkje sjå at det er gjort nokon vurderinga av om dei er i samsvar med nasjonale og regionale interesser.

Vi viser til NVE sin rettleiar [2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#). I den står det at førebygging av skade frå flaum, erosjon og skred er ei nasjonal og vesentleg regional interesse. Klimaendringar påverkar faren for skade på flaum, erosjon og skredfare. Tilpassing til eit klima i endring er difor viktig når det gjeld å førebygge skade frå naturfare. I [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) står det mellom anna: «*Kommuneplanens arealdel må brukes aktiv for å oppnå en samlet arealdisponering som ivaretar hensynet til et klima i endring. I planprogrammet skal det gjøres en vurdering av om hensynet til et endret klima innebærer behov for oppheving eller revisjon av gjeldene reguleringsplaner.*» Vi kan ikkje sjå at det er gjort nokon vurdering av om omsynet til eit endra klima inneber trong for



oppheving eller revisjon av gjeldande reguleringsplanar, korkje i planprogrammet eller i planframlegget.

Kommuneplanens arealdel vidarefører altså eit stort tal reguleringsplanar uendra (H910) utan ei konkret vurdering av om dei tek tilstrekkeleg omsyn til å forebygge skade frå naturfare. Mange av reguleringsplanane er svært gamle. Mange er utarbeidd etter gamal planlov, før dagens byggt tekniske forskrift trådde i kraft, og før aktsemdkart og rettleiing for korleis vurdere naturfare blei gjort tilgjengeleg. Vi vurderer det difor som ein vesentleg mangel ved planen at de i så stor grad vidarefører gamle reguleringsplanar uendra, utan å vurdere om dei er i samsvar med nasjonale og vesentleg regionale interesser innan NVE sine saksområde.

**Med grunnlag i dette fremjar NVE motsegn til Austevoll sitt framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2022 – 2040. For at grunnlaget for motsegna skal falle bort må de vurdere reguleringsplanane som er markert med omsynssone H910 opp mot NVE sine nasjonale og regionale interesser.**


NVE meiner at de ikkje kan vidareføre reguleringsplanar uendra med omsynssone H910 dersom:

- Planområdet ligg under marin grense, og fare for områdeskred av kvikkleire ikkje er tilfredsstillande vurdert og avklart i planarbeidet
- Planområdet ligg innanfor aktsemdområde for skred i bratt terreng, og skredfare ikkje er tilfredsstillande vurdert og avklart i planarbeidet.
- Planområdet ligg innanfor aktsemdområde for flaumfare, og flaumfaren ikkje er tilfredsstillande vurdert og avklart i planarbeidet
- Om naturfare er tilfredsstillande vurdert og avklart må sjåast i lys av
  - ny kunnskap etter at reguleringsplanen blei vedteken,
  - dagens krav til dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik, og
  - klimaendringane sin påverknad av faren.

### Skredfare i bratt terreng


NVE har utarbeidd aktsemdkart for snøskred, steinsprang, og jord- og flaumskred. Karta syner kvar det kan vere skredfare. Karta betyr i første omgang at det er naudsynt å hente inn fagkyndige for å vurdere reell skredfare. NVE legg, som nemnd ovanfor, vekt på at de må innarbeide aktsemdområde for skred i bratt terreng i plankartet som omsynssone H310 Ras- og skredfare. Særleg meiner vi det er viktig i alle framtidige og eksisterande byggeområde, samt LNFR område med spreidd utbygging.

I plankartet ser vi døme på at de har nytta, i alle fall deler av aktsemdområde for snøskred i plankartet som omsynssone. Sjå utklipp nedanfor frå eit område sør for Bekkjarvik. Det kan sjå ut som om de har modifisert litt på utløpsområdet, og så lagt det inn i plankartet. Nordre delen av aktsemdområdet går inn på eit ferdig regulert område, «Detaljreguleringsplan for Taushaugen». Detaljreguleringsplanen vart vedteken i 2021. I dette planarbeidet utarbeidde Sweco ei skredfarevurdering med faresonekart som er nytta i reguleringsplankartet. I dette tilfellet er aktsemdområdet avløyst av faresonekart innanfor planområdet for detaljreguleringsplanen.



Utsnitt av kommuneplanens arealdel


Lenger nord, ved Selvågen, syner aktsemdkart for snøskred og aktsemdkart for steinsprang aktsemdområde for begge desse skredtypane, jf. utsnitt frå NVE Atlas nedanfor



Utsnitt av aktsemdkart skred i bratt terreng (NVE Atlas)

Tilsvarende utklipp frå kommuneplanens arealdel under syner at deler av aktsemdområdet er regulert og avsett i framlegget til arealdel med omsynssone H910. H910 markerer her detaljreguleringsplan for deler av gnr. 50 bnr. 1 og 4 Nordeide/Selvågen som trådte i kraft 12.01.2010. NVE er ikkje kjend med om skredfare var ein del av vurderinga når planen vart vedteken. Deler av aktsemdområdet ligg utanfor regulert område. I plankartet manglar omsynssone H310 Ras- og skredfare. Omsynssona som syner med raud skravering gjeld flaumfare frå stormflo.






Utsnitt av framlegg til KPA


### Flaumfare

Ved Steinvik/Tøkje går ein bekk med tilhøyrande aktsemdområde for flaum over eit område som er regulert til næring i reguleringsplan 20120008 Selbjørn Salthella. Aktsemdsområdet er ikkje avmerkt med omsynssone H320 Flaumfare. Innanfor planområdet er det også bratt, og eit aktsemdområde for snøskred. I plankartet blir omsynssone H910 nytta, utan at det er gjort nokon vurdering av om planen er i samsvar med Nasjonale og regionale interesser.



Utsnitt reguleringsplan Planid 20120008


og (NVE Atlas)



Utsnitt av framlegg KPA

### Grunntilhøve og områdeskred av kvikkleire

For ordens skuld tek vi med eit døme på areal under marin grense (blått). Utsnittet er frå same område, innanfor Planid 20120008.



Utsnitt frå NVE Atlas. Blått viser areal under marin grense.



### Omsyn til ålmenne interesser i vassdrag

Vi kan ikkje fange opp om planen legg opp til nye tiltak i vassdrag. Det betyr at NVE ikkje kan ta stilling til om tiltaka kan vere i strid med, eller kan akseptertast etter vassressurslova.

Vi er nøgde med at de har gjeve byggegrense mot vassdrag. I høve til tryggleik mot flaum, erosjon og skred som følgjer bekkeløp vil 20 meter oftast vere tilstrekkeleg avstand for å oppnå trygg utbygging. NVE finn likevel grunn til å minne om at føresegnene til arealdelen ikkje gjeld for område der omsynssone H910 er nytta. I høve til ålmenn ferdsle langs vassdrag og omsynet til vassdragsmiljø kan 20 meter vere lite. Vi oppmodar dykk difor til å vurdere å utvide byggegrensa.

### Energianlegg

Ved Otterå er det nokre høgspenteleidningar som er ein del av regionalnettet. Sentral og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som treng konsesjon etter energilova er unnateke frå Pbl. Slike større høgspenningsliner og transformatorstasjonar må de sette av som omsynssoner (Pbl § 11-8 d/kode H740) i plankartet. Omsynssone H740 Bandlagt i medhald av energilova skal ha svart rutemønster (horisontal/vertikal)

Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til Pbl. Desse kan de sette av i plankartet som teknisk infrastruktur etter Pbl § 11-7 nr. 2.

Vi gjer elles merksam på at jord, og sjøkablar ikkje skal vise i plankartet.

Diverre er ikkje oversikt over eksisterande og planlagde høgspenningsanlegg i NVE Atlas tilstrekkeleg oppdatert til at ein kan ha full tillit til desse. Vi oppmodar dykk difor om å kvalitetssikre opplysningane med netteigar.

### **Proessen vidare**

Når det blir fremja motsegn til planen betyr det at de ikkje kan eigengodkjenne den med rettsverknad før grunnlaget for motsegna har falle bort.

NVE si erfaring er at det er nyttig med dialog mellom oss og kommunen når det blir arbeid med å kome motsegner i møte. Vi oppmodar dykk difor om å ta kontakt. De same må de gjere dersom de har spørsmål til motsegna, eller til andre faglege råd i dette brevet. Dersom de vel å etterkome våre motsegnpunkt må de endre planen slik som skildra ovanfor.

Når de har endra planframlegget, eventuelt på grunnlag av nye utgreiingar, sender de både plandokument og utgreiingar til oss. Dette materialet kan de sende oss som vedlegg til eit brev der de ber oss om å trekke motsegna på grunnlag av endringar i plan/nye utgreiingar. Det er viktig at de i oversendingsbrevet gjere greie for kva endringar som er gjort i plandokument, og på kva grunnlag endringane er gjort.

Dersom de ikkje vel å etterkome våre motsegnpunkt kan de be om mekling hjå Statsforvaltaren, jf. pbl § 5-6.





Vi minner om at Statsforvaltaren har fått mynde til å samordne statlege motsegner, og på visse vilkår avskjere dei.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Toralf Otnes  
Senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

**Mottakarar:**

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

**Kopimottakarar:**

Austevoll kommune